

# Overgang frå heim til barnehage



Samarbeid og samanheng



## Forord

Planen er utarbeida gjennom prosjektet Hallo! Adjø!, kor målsettinga er å utvikle ein heilskapleg overgang frå barnehage til skule og SFO, som kjem alle barn til gode. På bakgrunn er det utarbeida ein plan for overgang frå heim til barnehage.

Det er styrarane sitt ansvar å sikra gjennomføring av aktivitetane på ein god måte. Aktivitetane som er omtala i planen er forpliktande for alle kommunale barnehagar, medan private barnehagar blir sterkt oppmoda til å fylgje planen. Det er rom for lokale variasjonar, men det som er omtala i planen skal vere ein minste standard.

## Hensikt med planen

Planen har som mål å sikre samarbeid mellom heim og barnehage, samt å skape samanheng og kontinuitet for barn som byrjar i barnehagen.



Rammepplan barnehage

- Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til perosnalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleva tilhøyrslse og føle at det trygt å leike, utforske og lære.

Overgangsaktivitetane skal vere med å skape ein god overgangskultur ved å sikre møtepunkt, dialog og informasjonsflyt, slik at både føresette og barn kjenner seg medverkande, samstundes som overgangen vil opplevast som heilskapleg og god. Det skal vera fokus på at barnet får oppleve sosial, fysisk og innhaldsmessig kontinuitet frå heim til barnehage. Ein god kontinuitet og gode møtepunkt er med på å bidra til at oppstarten i ny barnehage vil opplevast som god og trygg for både føresette og barn.



## Overordna mål:

Skapa ein heilskapleg og trygg overgang frå heim til barnehage

3


Dette betyr i praksis at

- Barnet opplever **samanheng** mellom heim og barnehage.
- Barnet får ta med seg **interessene** sine og ha nytte av den **dugleiken** dei har tileigna seg heime.
- Barnet kjenner seg **trygge** i overgangen og opplever den nye barnehagen som ein god stad å vere.
- Barnet opplever å bli ein del av eit **inkluderande fellesskap**.
- Barnet opplever å bli **møtt** ut frå egne føresetnadar og behov slik at det kan lære og utvikle seg i takt med seg sjølv.
- Barnet får færre stressbelastningar, og opplever **meistring**.
- Barn og føresette opplever **flyt på informasjon** i overgangen.
- Barnet opplever **tilhøyrse** i barnegruppa og i barnehagen
- Barn og foreldra har ei sentral rolle i overgangen, med **medverknad** gjennom deltaking på aktivitetar/møter.





# AKTIVITETSPLAN



Ansvar/deltakarar: ● Styrar ● Helsesjukepleiar ● PPT ● Skulekontoret ● Pedagogisk leiar ● Føresette ● Barn  
○ Aktuelle instansar som barnevern, BUP, fysio, logoped, barnevern, helse, habiliteringstenesta

**NB: Den som står fyrst er ansvarleg for at aktivitet vert gjennomført.**



# Aktivitetar i samband med overgang frå heim til barnehage

## 1. Søkja barnehageplass for kommande barnehageår

*Mål: Føresette kjenner til søknadsfristen og søker innan fristen er gått ut.*

- ✓ Innan 15. februar må føresette søkje om barnehageplass for kommande barnehageår. Om ein søker etter denne datoen blir ein sett på venteliste for supplerande opptak.
- ✓ Elles sjå [Søk barnehageplass - Sveio kommune](#) for meir informasjon og søknadskjema.

## 2. Ansvarsgruppemøte/samarbeidsmøte for barn med behov for individuell tilrettelegging i barnehagen og/eller barn som er i barnevernstenesta ved behov

*Mål: Barnehagen får gjere seg kjend med behova til barnet, slik at dei på best mogeleg måte kan legge til rette for at barnet opplev tryggleik, meistring, utvikling og tilhøyrsløse ved oppstart i barnehagen.*

- ✓ Møte skal vera relasjonsbyggande og ha fokus på planlegging av godt barnehagetilbod.
- ✓ Foreldra sine tankar kring kva som er viktig for barnet i overgangen, skal særleg vektleggast.
- ✓ Det må leggast ein plan for korleis ein skal imøtekomma behovet til barnet i samband med oppstart i barnehagen.
- ✓ Det må koma fram i møtet om barnet har behov for alternativ supplerande kommunikasjon (ASK).
- ✓ Det må leggast ein plan for korleis barnet skal bli kjend med barnehagen sitt fysiske rom, tilsette og andre barn i barnehagen, utover dei overgangsaktivitetane som allereie blir gjennomført.
- ✓ Vidare møter etter avtale og behov.
- ✓ Er det behov for eit fagmøte i forkant av ansvarsgruppemøte for avklaringar kring fag og ressursar må ein hugse å innhenta samtykke frå føresette.
- ✓ Hugs innkalling med sakliste, samt referat til alle deltakarane.
- ✓ Barnehagemynde skal delta på møtet.
- ✓ Helsestasjon er ansvarleg for møtet.

### Rammeplan barnehage

*Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.*

### Stortingsmelding 6

*Godt tverrfaglig samarbeid er en viktig forutsetning for å skape et miljø der alle inkluderes og opplever fellesskap og mestring, og det vil kunne forebygge at problemer utvikler seg, eller at de blir større enn nødvendig.*

## 3. Foreldremøte i den enkelte barnehage med tema «Oppstart i barnehage i eit tilknytingsperspektiv»

*Mål: Gi informasjon som skal trygge og gjer føresette kjent med prosessar i overgangen, slik at dei kan vere med å førebu og trygge barna sine*



- ✓ Foreldremøte skal heldast før hovudoppstart i mai/juni.
- ✓ Alle som har barn som skal byrje i barnehagen i løp av kommande barnehageår, skal bli invitert til møtet.
- ✓ Agenda for møtet:
  - Barnehagen som pedagogisk plattform
  - Oppstart i barnehagen i eit tilknytningsperspektiv
  - Aktivitetar i samband med overgangen
  - Kva føresette kan gjere for å lette overgangen
  - Betalingsreduksjon – gratis kjernetid
  - Barnehagen sin digitale plattform
  - Omvisning

Utdanningsdirektoratet  
*Det vil vera av betydning at foreldre møter barnehagen (...) med ei positiv innstilling og er godt informert om overgangen.*

6

#### 4. Barnehagen inviterer til minimum tre besøksdagar før oppstart i barnehagen

*Mål: Skape ei felles oppleving for barn og føresette i møte med barnehagen, som gir positive forventingar og bidrar til tryggleik i overgangen. Barnehagen blir kjend med barna og kan legge best mogeleg til rette for ein tilpassa oppstart for det enkelte barn, allereie frå fyrste dag.*

- ✓ Barnehagen gjennomfører minimum tre besøksdagar for barn og føresette i forkant av oppstartsdato til det enkelte barnet.
- ✓ Barnehagen skal gje informasjon til føresette om dato og innhald i besøksdagane, slik at dei kan førebu seg og barnet sitt på kva som skal skje og skape positive forventningar til besøka.
- ✓ I løp av besøksdagane skal barna:

Rammeplan barnehage  
*Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjend, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.*

- Bli kjend med lokala til barnehagen, som garderobe, toalett/stellerom, avdeling og uteområdet.
- Bli kjend med vaksne på avdelinga som barnet skal gå på.
- Utforske og leike med barnehagen sine leiker.
- Leike saman med andre barn i barnehagen i ei mindre gruppe
- Bli introdusert for leikar/songar etc som barnehagen ofte nyttar.

#### 5. Overgangsobjekt

*Mål: Skape tryggleik for barnet og hjelpe det til å halde fast på førestillinga av føresette når det er i barnehagen*

- ✓ Styrar/tilsett i barnehagen informerer foreldre om at barna kan med seg ei leike/objekt ved som barnet er følelsesmessig knytt til ved oppstart i barnehagen. Dette kan vere ein bamse, koseklutt, smokk etc.
- ✓ Slike overgangsobjekt vil kunne symbolisere tryggleik for barnet, vere til trøyst, samstundes som det blir enklare for barnet å halde på førestillinga om heimen og dei føresette.

Drugli  
*I følge Winnicott gjør overgangsobjektet det mulig for barnet å være fysisk atskilt fra foreldrene og samtidig beholde ett mentalt bilde av han eller henne. Barnet blir symbolsk forbundet med forelderen gjennom overgangsobjektet ved at det skapes en forbindelseslinje i barnets hukommelse.*



## 6. 5-dagers foreldreaktiv oppstart i barnehagen

*Mål: Føresette og barn opplever ein god og trygg oppstart i barnehagen.*

- ✓ Ved oppstart i barnehagen skal tilknytningserosonen til barnet vere den som er mest saman med barnet for å etablere ein trygg relasjon.
- ✓ Prøv å ta hensyn til barnet si kviletid når de planlegger besøk.
- ✓ Føresette skal vere **tilstades** dei fyrste fem dagane. Lengden på besøka må tilpassast behovet til barnet. Gjerne med lengre dagar utover veka, slik at barnet blir kjent med ein reel barnehagedag.
- ✓ Om barnet treng meir enn fem dagar saman med ein føresett i barnehagen, kan føresett og tilknytningsperson gjere ei avtale på dette.
- ✓ Barnehagen legg til rette for rolege dagar i barnehagen for barn som er under oppstart.

Rammeplan barnehage  
*Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet srøgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrslø og føle at det er trygt å leike utforske og lære.*

7

## 7. Oppstartssamtale

*Mål: Samtalen skal vere relasjonsskapande og legge grunnlag for eit godt foreldresamarbeid*

- ✓ I samband med at eit barn byrjar i barnehagen skal det haldast ein oppstartssamtale. (Denne kan haldast før, under eller seinast innan 3 veker etter oppstart)
- ✓ Nytt eige skjema for oppstartssamtale.

Rammeplan barnehage  
*Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.*

## 8. Barnet må ha tilgang til bilete av familien i barnehagen

*Mål: Hjelpa barnet å halda fast på representasjonen av familien når det er i barnehagen*

- ✓ Etter oppstart skal barnet ha bilete av familien som skal vere synleg og lett tilgjengeleg for barnet, slik at barnet kan hente dette fram ved behov.
- ✓ Når barnet har synleg bilete av familien vil det vere lettare for barnet å halde fast på førestillinga av familien, som kan kjennas trygt og godt. Det blir og lettare for barnet å kommunisere sagn av familien ved behov.

Rammeplan barnehage  
*Barna skal møtast som individ og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgjevningane, men barn påverkar òg sitt eige liv.*

## 9. Småbarnsnettverk

*Mål: Felles kompetanseheving gjennom fagleg input og kollektive refleksjonar*

- ✓ Alle barnehagar sender ein eller to pedagogar som kan delta på nettverket.
- ✓ Nettverket skal vera ein arena for informasjonsutveksling og kompetanseheving, samt bli brukt som ein del av implementering, vidareføring og oppfylgning av aktivitetane i overgangsplanen.

Utdanningsdirektoratet  
*Felles refleksjon (...) bidrar i stedet til felles praksis og mer likeverdige tilbud til barn og unge (...). I fellesskap kan ansatte reflektere, vurdere og planlegge sammen, og slik utvikle bedre felles praksis.*



- ✓ Tryggleikssirkelen skal vera eit overordna tema i nettverka.
- ✓ Nettverket vil ha fire samlingar i året og er organisert etter [dialogmodell til Torbjørn Lund](#)

## 10. Rettleiing på systemnivå med PPT

*Mål: PPT deltek med kompetanseutvikling og rettleiing til tilsette i barnehagenlærarar på system- og individnivå.*

- ✓ Styrar har ansvar for å ta kontakt med PPT om dei har behov for observasjon, kompetanseutvikling og/eller rettleiing på systemnivå.
- ✓ Om det er behov for å drøfte særlege behov til eit enkeltbarn skal føresette vere informert.
- ✓ I 1.klasse samarbeider PPT kontakt frå barnehage og PPT kontakt frå skule for å sikre ein god flyt i overgangen.

Opplæringslova § 11-13.  
*Den pedagogisk-psykologiske tenesta skal samarbeide med og støtte skolane i det førebyggjande arbeidet for å gi eit inkluderande opplæringstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa.*

## 11. Foreldremøte

*Mål: Stifta kjennskap mellom føresette, slik at dei opplev det som trygt å godt å vere ein del av foreldregruppa i barnehagen*

- ✓ Foreldremøte haldast med tema ut frå barnehagens mål og interesse
- ✓ Det er anbefalt at foreldremøte gir rom for aktiv deltaking av føresette t.d. gjennom samtale kring relevante tema i mindre grupper, slik at foreldre får mogelegheit til å verte betre kjent og snakke om ting dei er opptekne med.

Utdanningsdirektoratet  
*Det er også viktig at dere gir foreldrene mulighet til å snakke sammen for å bli kjent. På foreldremøtene kan foreldrene sitte sammen i grupper og drøfte relevante tema. Slike foreldremøter kan bidra til å utvikle et godt fellesskap.*





## Litteraturliste

Barnehagelova. *Lov om barnehager*. (LOV-2005-06-17-64). [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#).

Drugli, M. B. (2017) *Liten i barnehagen* Cappelen damm akademisk

Drugli, M. B. og Nordahl, T. (2016). *Forskningsartikkel*. [Samarbeid mellom hjem-skole](#). Utdanningsdirektoratet. [Betydningen av skole-hjem samarbeid \(udir.no\)](#)

Meld. St. 6. (2019-2020). *Tett på – tidlig innsats og inkluderte fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Regjeringen. Kunnskapsdepartementet. [Meld. St. 6 \(2019–2020\) - regjeringen.no](#)

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. [Rammeplan for barnehagen \(udir.no\)](#)

Utdanningsdirektoratet. (2024). *Utvikle praksis sammen*. [Utvikle praksis sammen | udir.no](#)